

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Synnøve Stalheim, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane  
 Saksbehandlar: Marit Rødseth, Fylkesrådmannen, Hordaland  
 Sak nr.: 18/6011-8

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda sitt arbeidsutval	33/18	18.10.2018

**Møteplan og opplegg for dialogmøter i førebuaende arbeid med regional planstrategi****Prosjektleiaren rår arbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Arbeidsutvalet vedtek møteplanen for avviking av dialogmøter med kommunane i førebuaende arbeid med regional planstrategi for Vestland fylke, samt det skisserte opplegget for gjennomføringa av møta i saksframlegget.

---

**SAKSFRAMSTILLING**


---

**Bakgrunn for saka**

Fellesnemnda har gitt arbeidsutvalet (FN-AU) oppdrag med å gjennomføre førebuaende arbeid for ny regional planstrategi for Vestland fylkeskommune. På møte i FN-AU, 10.september 2018, vart det tilslutning til det overorda arbeidsopplegget og samstundes bedt om at prosjektleiaren så snart som mogeleg avklarte og fastsette tidspunkt og stad for FN-AU sine dialogmøter med kommunane/regionråda.

Prosjektleiar legg i denne saka fram forslag til gjennomføring av dialogmøta med kommunane.

**Prosess og framdrift for utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for regional planstrategi**

Dialogmøta med kommunane/regionråda er første trinn i ein prosess i det førebuaende arbeidet med å utvikle eit kunnskapsgrunnlag og utfordringsdokument inn mot formell oppstart av regional planstrategi i regi av Vestland fylkeskommune. Denne prosessen vil bestå av ulike trinn:

- Trinn 1** Dialogmøte med kommunane/regionråd – innspel til utfordringsdokument i perioden november 2018/april 2019
- Trinn 2** Dialogmøte med sentrale fagetatar i vidare administrativ utarbeiding av utkast til utfordringsdokument
- Trinn 3** Drøftings- og høyringsmøte i fellesnemnda rundt utkast til utfordringsdokumentet - inviterte regionale aktørar frå offentleg og privat sektor gir merknader til utkastet - møte

i fellesnemnda, 23.mai 2019.

### Nærare om trinn 1 – dialogmøter med kommunane

Trinn 1 har ein viktig funksjon for tilbakemelding og oversikt over kva utfordringar kommunane og ulike deler av den nye fylket står framfor. Samstundes vil det vere ein møteplass for dialog om viktige vegval vidare for å imøtekomme dei aktuelle utfordringane.

Prosjektleiaren legg til grunn dagens organisering av kommunar i regionråd og foreslår følgjande møteplan:

Stad/tid/regionråd	Kommunar
<b>Voss, 27.november 2018.</b> (også oppsett møte i FN-AU) <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Hardangerrådet</b></li> <li>• <b>Sogn regionråd</b></li> <li>• <b>Voss kommune</b></li> </ul>	Lærdal, Årdal, Aurland, Luster, Sogndal, Leikanger, Balestrand, Vik, Høyanger, Voss, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal, Kvam
<b>Gulen, 31.januar 2019.</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Regionrådet Nordhordland</b></li> <li>• <b>HAFS</b></li> </ul>	Hyllestad, Solund, Askvoll, Fjaler, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Radøy, Lindås, Meland
<b>Bergen, 4. februar 2019</b> (også oppsett møte i FN-AU) <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Regionrådet Vest (Sotra)</b></li> <li>• <b>Div.kommunar i Bergensalliansen</b></li> </ul>	Bergen, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Os, Fusa, Samnanger, Osterøy, Vaksdal
<b>Førde, 22.mars 2019</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS)</b></li> <li>• <b>Nordfjorderådet</b></li> </ul>	Selje, Eid, Vågsøy, Flora, Bremanger, Stryn, Gloppen, Gaular, Førde, Jølster, Naustdal
<b>Leirvik, 3.mai 2019</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Samarbeidsrådet for Sunnhordland</b></li> </ul>	Sveio, Bømlo, Etne, Austevoll, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad

#### Deltakarar

Prosjektleiar foreslår at invitasjon til dialogmøta går til kommunane som kvar kan bli representert med inntil tre deltakarar frå politisk og administrativ leiing. Dei berørte regionråda sine daglege leiarar kan også delta. I tillegg vert det foreslått at regionråda kan peika ut inntil fire representantar frå næringslivet/samfunnslivet/media som også kan delta og bidra med innblikk i og synspunkt på aktuelle utfordringar i regionen.

#### Gjennomføring av møta

Føremålet med møta er å få fram kunnskap og innblikk i utfordringar i ulike deler av det nye fylket, som berører Vestland fylkeskommune si rolle som tenesteleverandør og samfunnsutviklar.

Utfordringar i denne samanheng kan omfatte både muligheiter som bør utnyttast der kor ein har særlege fortrinn, og svake sider i høve til ønska utvikling.

Kommunane og møtedeltakarane vil på førehand få tilsendt rapport om status og utviklingstrekk som inneheld statistikk og fakta for ulike temaområde. I tillegg vil det bli gjennomført ei spørjeundersøking i forkant av møta med representantar frå kommunane, næringslivsaktørar, organisasjonar og andre relevante respondentar. Status og utviklingstrekk, samt resultat av spørjeundersøkingane vil bli presentert for kvar region på dei ulike møta.

Det vert lagt opp til fire førebudde innlegg på inntil 15 min på kvart dialogmøte, der dei ulike temaområda i rapporten om status og utviklingstrekk skal omtalst. Det er viktig å få fram utfordringar på ulike områder, til dømes folketalsutvikling, næringsstruktur, levekår, kulturliv, kompetanse, samferdsel, miljø osv. Regionråda peiker ut representantar for kommunar, næringsliv og organisasjonar til å halde desse innlegga.

Innspel og drøfting på kvart av møta vil bli oppsummert skriftleg med sikte på samanstilling og innarbeiding i samla utfordringsdokument for Vestland fylke.

Prosjektleiar foreslår fylgjande skisse for gjennomføring av dialogmøta med ei tidsramme frå 1130-1530:

Felles lunsj	
Velkomen og presentasjon av arbeidet med å etablere Vestland fylkeskommune	Politisk leiar frå arbeidsutvalet
Presentasjon av rapport om status og utviklingstrekk i regionen, samt resultat i spørjeundersøking	Administrasjonen
Førebudde innlegg frå kommunane/regionale aktørar om utfordringar i regionen	Ordførarar/samfunnsaktørar frå offentleg og privat sektor og organisasjonar
Dialog og drøfting i plenum	Alle
Oppsummering og vegen vidare	Politisk leiar frå arbeidsutvalet